

# Såkorndmidlar i Helse Vest – kriterium for tildeling 2020

---

For å stimulere til kvalitetsutvikling i helseføretaka deler Helse Vest kvart år ut såkorndmidlar til lokale forbetningsprosjekt. Desse forbetningsprosjekta er lokalt forankra i helseføretaka og i private ideelle institusjonar i regionen. Formålet med prosjekta skal vere at tiltak som er sette skal føre til varig forbetring i eininga.

## Kriterium for tildeling av såkorndmidlar:

- Prosjektet skal ha som mål å forbetre praksis (til dømes ved å *forbetre* ein prosess som per i dag ikkje fungerer optimalt, *implementere* ein ny prosess som skal *avløyse* ein prosess som ein veit at ikkje fungerer optimalt eller *utvikle* ein ny prosess der ein ventar å oppnå betre resultat enn i dag)
- Prosjekta bør nytte forbetningsmodellen som metodisk tilnærming.
- Prosjekta skal ha ei klar målsetjing om kva som skal forbetrast, og når ein skal nå dette forbetningsmålet. Ein må undervegs i forbetningsprosjektet kunne vise til målingar som illustrerer resultat av konkrete tiltak.
- Prosjekta skal vere tidsavgrensa og moglege å realisere innanfor den økonomiske ramma det er søkt om.
- Prosjekta skal som hovudregel ha med brukarrepresentant og brukarperspektivet vil bli vektlagt.
- Det må vere semje om problemstillinga, som skal forbetrast, i eininga der forbetningsprosjektet skal gjennomførast. Prosjekta må ha leiarforankring.
- Det kan ikkje søkjast om midlar til forskingsprosjekt, utprøvande behandling, finansiering av ordinære oppgåver i verksemdene, eller til investering i utstyr.

## Praktiske avgjerder

- Prosjektperioden er omlag 1 ½ år. Ubrukte midlar skal betalast tilbake og kan bare unnataksvis overførast til neste år etter særskilt grunngiven søknad til Helse Vest. Søknadar om overføring av midlar vil bli lagde fram for fagdirektørmøtet i Helse Vest, og må sendast til Helse Vest seinast november året etter tildeling.
- Prosjektleiaren bør ha kunnskap om forbetningsarbeid. For dei som ikkje har slik kunnskap vil det bli tilbode regionale kurs i forbetningsarbeid.
- Helseføretaka skal følge opp prosjekta undervegs i perioden og ved behov tilby rettleiing i forbetningsmetodikk.
- Det kan bli stilt krav om rapportering undervegs.
- Kortfatta sluttrapportar inkludert rekneskapsrapport og presentasjon i postermal frå alle såkorndprosjekta (i eigen rapporteringsmal) skal leverast til Helse Vest samla frå kvart helseføretak/privat institusjon innan 15. januar omlag 1,5 år etter tildeling. Sluttrapportane skal kvalitetssikrast av helseføretak før innsending til Helse Vest. Posterpresentasjonar på Regional kvalitets- og registerkonferanse vil bli etterspurt, og sluttrapportar inkludert

posterpresentasjon vil blir gjort tilgjengelege for medarbeidarar og leiarar i og utanfor Helse Vest og for offentlegheita.

### Om søknaden

- Søknaden skal skrivast i eige skjema for dette
- Det kan ikkje søkjast om meir enn 225 000 kroner per prosjekt. Det skal setjast av pengar til reisegodtgjersle, møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for brukarmedverknad, inntil 25 000 kroner. Det vil bli vektlagd at forbetningsprosjektet har eit realistisk budsjett.
- Helseføretaka skal sende inn søknadane samla og i prioritert rekkefølge innan fristen. Helseføretaka skal bare sende inn søknadar som dei stiller seg bak.

### Tildeling

- Fagdirektøren i Helse Vest innstiller søknadane for fagdirektørmøtet, som tildeler midlane.
- I tildelinga vil Helse Vest ta utgangspunkt i prioriteringsrekkefølga til helseføretaka. Prioriteringane til helseføretaka kan bli endra i tildelinga ut i frå eit regionalt heilskapsperspektiv.